# 8 Språk på nettet – tilnærmingsmåtar til digital språkbruk

Stian Hårstad

## 8.1 Innleiande

Dette kapittelet tek for seg eit knippe metodespørsmål som er sentrale når ein vil studere språkbruk på digitale skrivearenaer. Det som på engelsk blir kalla *Computer-mediated communication (CMC)* – altså kommunikasjon som er mediert gjennom ulike former for datateknologi – kan studerast frå mange språkvitskaplege vinklar, og ein heildekkande presentasjon av alle aktuelle metodeinngangar kan ikkje få plass her. Denne framstillinga må nøye seg med å sirkle inn nokre utfordringar som er særleg relevante for *sosiolingvistisk* utforsking av datamediert språkbruk.

Sosiolingvistikk kan for så vidt òg vere så mangt, men kort sagt inneber det tilnærmingar som freistar å skildre og forstå korleis bruken av ulike språklege element inngår i sosial meiningsskaping. Altså på kva vis valet av uttrykksmåte kan stå i samband med ulike sosiale kategoriar både når det gjeld avsendar, mottakar, innhald og medium (jf. Barton & Lee, 2013). Slike studiar rettar gjerne merksemda mot korleis språklege normer og konvensjonar blir forhandla fram av språkbrukarane, korleis ulike stilsett blir etablerte og utnytta, og korleis språklege variablar av alle slag relaterer seg til sosiale identitetar (sjå meir om sosiolingvistiske metodar i kapittel 11 i band 2). Men ein kan òg sjå nærare på korleis enkeltpersonar samhandlar, korleis samtalar blir konstruerte ved hjelp av skriftbaserte teikn, og korleis kommunikasjon fungerer innanfor visse mediale rammer, altså korleis medieteknologien i seg sjølv legg til rette for visse former for meiningsskaping. Det at mange av oss no t.d. brukar ulike smilefjes-teikn i den daglege skrivinga, kjem i all hovudsak av at skriveverktøya, altså smarttelefonane og anna utstyr, har slike teikn så lett tilgjengeleg i tastaturoppsetta. Teknologien har altså så å seie lagt språkstoff i hendene på oss og verkar såleis inn på korleis vi samhandlar i skrift.

Eit aktuelt fokus i studiar av digital språkbruk kan òg vere relasjonen mellom munnlege og skriftlege språknormer, som ofte kjem i spel på slike arenaer (sjå t.d. Baron, 2008, kapittel 4; Westergaard, 2015): Kva karakteriserer setningane i direktemeldingstenester, korleis blir dialogar bygde opp, kva forkortingar blir nytta, korleis uttrykkjer ein munnlege særkjenne som roping og kviskring i skrift? Av dei mange andre spørsmåla som kan vere interessante å finne svar på, kan eg nemne: Kva tyder eigentleg <…>, og korleis kan eller bør slike trippelpunktum helst (ikkje) brukast på Messenger eller Twitter? Kven brukar flest emneknaggar på Instagram, og kva bruk av teiknet <#> er akseptabel i ulike aldersgrupper? Kva forkortingar kan ein rekne

med at andre forstår utan vidare? Er det typisk «jentete» å bruke hjarte-symbol i svar på statusar på Facebook? Kor langt kan ein gå i å omsetje talemålet sitt i skrift på nettet – og korleis gjer ein det?

Mange av dei analytiske og teoretiske verktøya ein treng til forsking på digital språkbruk, kan lånast meir eller mindre direkte frå andre fagfelt, som sosiolingvistikk, variasjonslingvistikk (sjå t.d. Chambers & Schilling, 2013) og sosialsemiotikk (sjå t.d. Andersen & Boeriis, 2012), men vi skal i liten grad gå inn på dei her. I staden blir denne framstillinga konsentrert omkring metodologiske utfordringar som er meir spesifikke for jakta på den datamedierte språkbruken, og da er det særleg *innsamlingsfasen*, eller genereringa av språklege data, som kjem i framgrunnen. Å gjere feltarbeid på nettet bringar mellom anna fram ein del forskingsetiske dilemma som ein må ta stilling til. Som vi veit, støyter vi på etiske problemstillingar i mange slags datainnsamlingsprosessar (sjå kapittel 1 i band 2), men på digitale arenaer er dei særleg viktige fordi dette er eit domene som enno er ganske nytt i forskingssamanheng. I mange tilfelle finst det ingen absolutte reglar for kva framferd som er den rette, men dette kapittelet forsøker avslutningsvis å bidra til refleksjon som skal føre til forsvarlege framgangsmåtar og gode grunngjevingar for metodeval. Før vi kjem så langt, ser vi først på bakgrunnen for at digital språkbruk er eit høgaktuelt forskingsobjekt (8.2), og så går vi nøyare inn på kva slags empirisk stoff det er vi arbeider med (8.3).

## 8.2 Digitalt språk – til kvardags og fest

Sjølv om det er gode grunnar til å rekne talespråket som det primære og mest naturlege uttrykket for den menneskelege språkevna, har mennesket i mange tusen år teke i bruk ulike medierande teknologiar for å overlevere språklege bodskapar. Leirtavler, papyrusrullar, runepinnar, husveggar og papirlappar har det til felles at dei er medium som blir nytta for å nedfelle ei språkleg form i skrift, slik at ho kan lagrast og eventuelt spreiast til andre. Jamvel om historia til det skrivne språket er lang, står dei siste to–tre generasjonane i ei heilt spesiell stilling når det gjeld den plassen skriftspråket tek i liva våre – iallfall i storparten av verda. Ikkje minst fordi utviklinga av digitale teknologiar har gjort at mange av oss no produserer skriftleg språk omtrent like ofte som vi ytrar oss munnleg. Det norske språksamfunnet er prega av ein gjennomgripande *masseliteracy* (eng. *mass literacy*), det vil seie ein tilstand der omgang med og meistring av skrive språk er ein essensiell del av kvardagslivet til veldig mange innbyggarar (sjå t.d. Brandt, 2015). Dette fører med seg krav om ein skrivekompetanse som er monaleg meir kompleks enn han har vore i tidlegare tider, og dermed blir det etter kvart mindre opplagt å

rangere skriftspråket som sekundært jamført med talen. Det er framleis slik at vi lærer å snakke *før* vi lærer å meistre skrift, men skriftkunna tek så stor plass i livet til dei fleste at det fell seg naturleg å utpeike denne ytringsforma som den viktigaste og mest personlege på ei rekke område av livet (sjå t.d. Barton, 2007). Og digital skriving utgjer ein stadig større del av tekstproduksjonen vår. I løpet av nokså få år har vi sett ein tydeleg utviklingtendens frå at nettbruken vår primært handla om *konsumpsjon* av tekst, altså lesing (og eventuelt lytting), til at han no i like stor grad inneber *produksjon*. I det som blir kalla «the participatory web era» (jf. Androutsopoulos, 2017), nettepoken der deltakaraspektet står i sentrum, frå om lag midten av 2000-åra, er livet vårt på nett i mykje større grad prega av samhandling og medverknad, og dét skjer primært gjennom bruk av skrift. Vi produserer, deler og resirkulerer tekstar i høgt tempo og til mange ulike mottakarar.

Mot denne bakgrunnen blir det klart at språkbruk på dei mange nye digitale skrivearenaene er eit særs interessant studieområde for språkvitarar, og særleg dei språkvitarane som skal inn i skulen som lærarar. Nokre av moglegheitene som slike innovasjonar fører med seg, har lenge hatt ein plass i skulen. Det kan t.d. dreie seg om korleis dei digitale reiskapane konkret kan brukast til tekstredigering og -bearbeiding, og om meir overordna tema som digital dømmekraft og ytringsansvar. Men det er òg mange aspekt som har vorte liggande på utsida – ikkje minst fordi dei har vorte oppfatta som ein del av ein fritidskultur og ikkje den konvensjonelle «skulske» skriftkunna. Det handlar m.a. om at kvar skrivar i det daglege er forventa å kunne operere med eit breitt spekter av skrivedugleikar, og at det å meistre skriving òg inneber å kunne forstå kva for skrivestil eller teiknbruk som er den mest høvelege i kva kontekst. Eit resultat av dette er at store mengder av den kvardagslege tekstskapinga som den enkelte norske skrivaren står for, det ein kan kalle *kvardagsliteracy*, har hamna i forskingsskuggen. Dermed har det òg forsvunne ut av synsfeltet til mange lærarar, som nettopp bør ha omfattande innsikt i den komplekse skriftkunna til elevane sine. Slik sett vil det vere verdifullt om fleire legg den digitale skrivinga under mikroskopet og granskar ho med eit språkvitskapleg blikk. Framveksten av den aktuelle teknologien har skjedd raskt, og det er all grunn til å tru at det vil komme stadig fleire digitale plattformer som opnar for nye språkpraksisar som fortener merksemd frå språkvitarar.

Studiar av datamediert kommunikasjon har mange tilknytingspunkt både til medievitskapane, til literacy-studiar og til tekstvitskapar som retorikk og diskursanalyse. Det er derfor mykje relevant metodelitteratur å hente frå desse felta når ein vil studere språkbruk i digitale kanalar (sjå t.d. Hougaard, 2015; Mortensen, 2018; sjå også kapittel 5). I denne

framstillinga held vi oss innanfor ei smalare lingvistisk eller semiotisk ramme, og dermed gjer vi òg ei avgrensing av metodemangfaldet.

## 8.3 Kva kan vere interessant å legge under lupa – teikn, bilde, ord og ytringar

Sjølv om eg her snevrar inn utsynet, er det viktig å vere klar over at mykje av den digitale tekstskapinga involverer stor variasjon av uttrykksformer, det ein gjerne kallar *modalitetar* (sjå òg kapittel 4). I mange tilfelle er dessutan fleire modalitetar verksame på same tid, t.d. som verbaltekst til eit fotografi, eller *i* eit fotografi, slik det typisk er på bildedelingsplattformer som *Snapchat* og *Instagram*. Da vil det ofte vere uråd å ha auge for berre éin modalitet i gongen, og ein må vere medviten om at ei strengt monomodal tilnærming vil ekskludere store tekstmengder. Så sjølv om eg her vil legge mest vekt på verbalspråket, slik sosiolingvistikken tradisjonelt har gjort, kjem vi ikkje utanom at dette teiknsettet i realiteten utgjer berre éin av mange ingrediensar i den totale meiningsskapinga som skjer på digitale tekstarenaer, og det er derfor god grunn til å opptre med eit noko utvida språkomgrep (jf. Gregersen, 2018, s. 287–288). Barton & Lee (2013, kapittel 7) viser til dømes korleis fotografi og verbaltekst spelar saman når skrivarar posisjonerer seg sjølve på bildedelingsplattforma *Flickr*. Det verbalspråklege kan for så vidt analyserast for seg, men den totale meiningsskapinga får ein berre grep om dersom ein òg trekkjer inn bildeteikna.

For å kunne ta inn over seg alle dimensjonane ved multimodaliteten vil ein mellom anna måtte ta i bruk andre måtar å fange dataa på enn det som har vore dei mest vanlege i språk- og tekstforsking. Statiske teikn, som bokstavar eller illustrasjonar, er berre ein del av heilskapen. I tillegg kjem t.d. ulike formar for tekstmosaikk som involverer sekvensar av animasjon, som eit GIF-bilde med rørlege element. For å få visualisert eller fiksert eit slik materiale til bruk i ein språkleg eller semiotisk studie vil ein måtte trekke inn bilde- og medieanalytiske teknikkar frå mellom anna filmvitskapen. Dermed kjem ein over i eit vidt sosialsemiotisk teorilandskap som vi ikkje går nærare inn på i denne samanhengen (sjå t.d. Kress & van Leeuwen, 2006; Ledin & Machin, 2018).

Det eg fokuserer på her, er teiknsett frå teksttypar som relativt enkelt kan studerast innanfor dei same teoretiske rammene som sosiolingvistisk forsking elles nyttar. Utan at eg skal gå vidare inn på det problematiske ved denne avgrensinga, kan eg slå fast at det handlar om grafiske teikn som er lett attkjennande for mange språkbrukarar, det vil seie alfabetsymbol og ikon som inngår i mange digitale skriveverktøy. Da inkluderer vi mellom anna ideogram og piktogram som smilefjes og andre mykje utbreidde symbol slik vi finn dei i Facebook-statusar,

direktemeldingsprogram som *Messenger* og *Kik* og på bildedelingsplattformar som *Instagram*. Vi må òg rekne inn ulike skrifttypar, altså fontar som Arial og Comic Sans, i denne mengda av meiningsberande teiknsystem. For mange skrivarar er det langt ifrå uvesentleg kva skrift ein vel å uttrykkje seg gjennom, og variasjonar i fontval kan òg vere interessant å granske.

Den konkrete bruken av desse mangfaldige teiknsetta kan ein t.d. studere med dei same *variasjonistiske* brillene som ein nyttar i mange talemålstudiar, der hovudfokuset kort sagt er å skildre *kven som brukar kva språkform til kva kommunikativt formål* (jf. kapittel 11 i bind 2). I dette ligg det først og fremst store deskriptive oppgåver: Det vil vere verdifullt å få systematisk kunnskap om korleis teiknbruken artar seg på formplanet, altså den mest konkrete struktursida. Dette handlar mellom anna om kva teiknsett som faktisk blir nytta, korleis ulike teiknsett blir kombinerte, og korleis bruken av teikna står i relasjon til språklege normer og konvensjonar frå andre domene. Det er t.d. grunn til å tru at allmenne skriftnormer som bokmål og nynorsk ikkje er like einerådande i digitale kontekstar, men at mange heller stør seg på talemålet sitt, eller på ei slags hybridnorm som trekker på både skrift og tale (jf. Hernes, 2012; Rotevatn, 2014), og som sjølvsagt òg kan innehalde element frå andre språk enn norsk (sjå t.d. Barton & Lee, 2013, kapittel 4). Vi veit dessutan at heilt andre aspekt ved rettskriving har vist seg å vere meir relevante i nettkommunikasjon: Kva mønster er det t.d. i bruken av skiljeteikn som punktum og ropeteikn, kva funksjon har ellipseteikn (det vi kalla «trippelpunktum» ovanfor), kva system finst i bruken av akronym (som t.d. <LOL> og <BRB>), konsonantskrift (<d> for «det») og andre forkortingar, og kva plass får andre teikn enn grafem (alfabetteikn), som ikon og piktogram?

Vidare kan ein la slike beskrivande variasjonsstudiar femne om kven som kommuniserer og kva for mediale rammer som omgjev tekstproduksjonen. Det første handlar kort sagt om deltakarane som er involverte: Kven skriv, og kven er mottakarane? Det andre handlar om ulike medietekniske vilkår for språkbruken: Skjer kommunikasjonen synkront, eller er det eit større tidsspenn mellom produksjonen og mottaket – og den eventuelle responsen? Er det noko med sjølve skriveverktøyet som legg føringar for form og omfang? Kan ytringar formidlast (og lesast) anonymt? Kan avsendaren styre kven som er mottakarane gjennom innstillingar i mediekanalen? Avgjer skrivearenaen i seg sjølv kva som blir den naturlege leserekkefølgda i ein tekst? osv. Ved å legge til desse faktorane kan ein få mange slags interessante variasjonsstudiar der ulike korrelasjonar mellom språkbruk, språkbrukarar og språkbruksarena kan belysast.

Slike deskriptive arbeid kan i neste omgang leggast til grunn for meir fortolkande utforsking av digital skriving som sosial praksis. Mange av dei digitale plattformene har som

eit særkjenne at dei opnar for individuell sjølvframstilling gjennom tekstlege middel. Ein kan t.d. velje fontar, fargar og symbol for å setje eit personleg preg på kommunikasjonen. Og det å studere korleis eit individ skriv fram seg sjølv og fellesskapen sin, vil vere høgst interessant sett frå ein sosiolingvistisk ståstad. Og da er sjølvsagt dei sosiale media ein særs aktuell forskingsarena. Her blir sosiale relasjonar etablerte og haldne ved like gjennom eit stort mangfald av tekstlege praksisar. Men sjølv om dette sosiale rommet er endelaust og grenselaust, vil ein samstundes kunne finne mange teikn til at samhandlinga er velorganisert på fleire nivå. Dei fleste av dei som ytrar seg, viser eit klart medvit om at dei interagerer i ein fellesskap, stor eller liten, og dét legg føringar for korleis ein ter seg. Ulike normer for kommunikativ framferd har vist seg å bli forhandla fram gjennom interaksjon av mange slag. Å utforske slike skrivearenaer vil dermed òg innebere å studere utviklinga av meir eller mindre tydelege reglar for kva åtferd som er legitim eller akseptabel: Kven kan skrive kva, når og på kva måte, osb. I mange tilfelle kan desse reglane vere nokså spontane og kortliva, men vi ser òg konturane av normer som større grupper av individ føler seg bundne av – på tvers av tid og rom. Og det å følge visse språkbrukskonvensjonar – og å ta avstand frå andre – kan ein sjå som ein del av den sjølviscenesetjinga som går føre seg på ulike digitale arenaer.

Eit viktig aspekt ved utforsking av digital skriving vil derfor vere danninga av språklege konvensjonar og korleis desse heng saman med forhandlinga av ulike former for tilhøyrsle og sosiale identitetar (jf. t.d. Mortensen & Stæhr, 2018). Forhandlingar om kva som er det rette og akseptable i den aktuelle konteksten, er ein del av det ein kan kalle rutinisering av språklege praksisar. For å få eit innblikk i dette må ein gjerne ha andre tilnærmingar enn ei reint deskriptiv kartlegging. Med det meiner eg at ein må komme nærare inn på samhandlingane enn å beskrive dei frå avstand; forskaren må bli meir av ein deltakar enn ein rein observatør. Rutinisering inneber ein tidsakse, og derfor vil ein måtte følge ein fellesskap diakront, altså over tid, for å fange opp korleis normer veks fram. Ei viktig kjelde til kunnskap om slik konvensjonalisering kjem frå *metalingvistiske* eller *metapragmatiske* ytringar på den aktuelle arenaen. Det vil altså seie at deltakarene på ulike vis kommenterer eigen eller andre sin språkbruk og slik legg for dagen språkideologiske synspunkt (sjå t.d. Barton & Lee, 2013, kapittel 8). Det kan m.a. handle om verdivurderingar («Det er stygt», «Du brukar det feil», «Norsken min er så dårleg», osb.) eller om relasjonen mellom språkbrukaren og det som er skrive («Det heiter ikkje det på din dialekt», «Det er ikkje slik ein stavar det», «Vi brukar det ikkje på den måten du skriv det», osb.). Slik utforsking av «språk om språk» på ein digital arena finn vi eit døme på i Helene Hersdal si masteroppgåve (2018), der ho på grunnlag av materiale frå Facebook-gruppa «Kosegruppa DK» analyserer korleis danske ungdommar (ofte i dialog med norske

jamaldringar) snakkar om norsk språk. Denne gruppa har sitt utspring i den nettbaserte NRK-serien *Skam* (2015–2017), som vart særs populær i Danmark òg. Ved å ta for seg ei mengd innlegg frå ulike diskusjonstrådar om språkbruken i serien viser Hersdal korleis unge danskar oppfattar og drøftar den norske språksituasjonen, kva for språklege særtrekk og skilnader dei legg særleg merke til, og korleis dei stiller seg til å overkomme dei intraskandinaviske språkforskjellane. Ho granskar altså ikkje språkbruken i gruppa som nettspråk i og for seg, men brukar ein digital skrivearena til innsamling av data *om* språk meir generelt.

Ein annan og meir djuptgåande tilnærmingsmåte er det som blir kalla *netnografi* (ei samantrekking av *Internett* og *etnografi*). Det er kort sagt ein tilgang til nettbaserte praksisar som hentar inspirasjon frå etnografiske studiar (sjå kapittel 2 i band 2). Med dette meiner ein systematiske nærstudiar av menneskeleg aktivitet, gjerne observert frå innsida av ein sosial fellesskap, med mål om å komme fram til ei djupare kvalitativ forståing av kulturelle praksisar. Varianten netnografi inneber altså at ein legg feltarbeidet til ein digital arena, men elles gjeld mange av dei same metodegrepa som i ordinær etnografi. Formålet er å komme på innsida av den sosiale interaksjonen på den aktuelle kommunikasjonsplattforma, og datamaterialet vil da vere ulike digitale spor som dei handlande individa legg att, alt frå verbale ytringar og piktogrambruk til innloggingsfrekvens og talet på «liker»-klikk på Facebook eller hjarte-symbol på Instagram. Det er ikkje rom for å gjere meir detaljert greie for netnografi som metode her, men særleg den som vil fordjupe seg i den språklege kreativiteten og performativiteten som utspelar seg på nettet, vil ha mykje å hente frå dette metodefeltet (sjå t.d. Kozinets, 2010; Kulavuz-Onal & Vasquez, 2013).

Sjølv om ein ikkje legg opp til ei etnografisk tilnærming i full breidd (eller djupn), vil det i mange tilfelle vere tenleg å få eit innanfrå-perspektiv på den tekstproduksjonen som skjer, t.d. gjennom kvalitative intervju (sjå kapittel 3 i bind 2). Den meiningsskapinga som går føre seg på nettet, er mange gonger svært kompleks og lite gjennomsiktig for ein utanforståande. For å få betre innblikk i intensjonen bak ein tekst eller ei ytring kan ein supplere med eit intervju med avsendaren, der han eller ho får høve til å kontekstualisere teksten sin (sjå t.d. Dewilde & Igland, 2015). Dermed kan ein få tak på korleis aktørane sjølve forstår ulike kulturelle distinksjonar som inngår i måten dei kategoriserer omverda på. No er det ikkje alltid slik at tekstprodusenten evnar å setje ord på akkurat kva som er meint med ein viss tekst, eller ein viss uttrykksmåte, men ei slik tilnærming vil iallfall kunne gje eit betre grunnlag for det vidare fortolkingsarbeidet.

Eit intervju kan gjennomførast digitalt, altså via skjermen, men det kan òg gå føre seg som ein tradisjonell samtale ansikt til ansikt (eller på telefon) (jf. kapittel 3 i bind 2). Det kan

kanskje verke litt paradoksalt at ein undersøker «online»-språkbruk gjennom «offline»-datainnsamling, men denne forma for metodeblanding har etter kvart vorte meir utbreidd innanfor forsking på digital kommunikasjon. Ei årsak til dette er at ein har erkjent at «offline»-livet og «online»-livet grip stadig tettare inn i kvarandre, og i mange tilfelle er det ikkje meiningsfylt å skilje dei to handlingsarenaene (jf. Barton & Lee, 2013, s. 7–8). I staden må ein forsøke å sjå dei i samanheng for å forstå språkleg åtferd. Denne tankegangen heng saman med eit auka *brukar*fokus innanfor forskinga på digital kommunikasjon. Der det tidlegare var eit tydeleg *medie*fokus, altså at sjølve kanalen var det avgrensande for forskingsobjektet, har ein dei siste åra i større grad teke utgangspunkt i aktøren, altså den som deltek på denne virtuelle arenaen (jf. Androutsopoulos, 2008). Dermed har ein også lagt meir vekt på å hente inn data frå fleire språkbrukskontekstar for å sjå dei i samanheng og for å studere korleis ulike ytringsarenaer samverkar. Dette er ei form for *metodetriangulering* (sjå kapittel 1 i bind 2) som kan gje verdifulle innsikter, men ho inneber òg ganske kompleks datainnsamling som krev ei samansett metodologisk fordjuping (jf. Postill & Pink, 2012).

## 8.4 Korleis går ein fram? Forskingsetiske vurderingar

Som vi har sett ovanfor, er det mange moglege tilnærmingsmåtar til digital språkbruk, men uansett val av inngang, og uansett om formalnivået eller interaksjonen og språkleg sjølvframstilling er i fokus, treng ein eit tekstmateriale, altså ei eller anna form for uttrekk av den kommunikasjonen som går føre seg. Ved første augnekast kan det verke som ei smal sak å ause av det enorme teksthavet på nettet, men denne ovmengda av tekst inneber òg store utfordringar for den som vil forske på ho.

Ei heilt sentral problemstilling gjeld eigarskapen til dei språklege ytringane som ligg der, for Internett er ikkje ein allmenning som alle står fritt til å ta for seg av. Det kan vere lett for ein ivrig forskar å gløyme at det står verkelege individ attom dei ulike tekstane, og i mange høve dreiar ytringane seg om personlege og sensitive opplysningar som set særlege krav til vidare handsaming i forskingssamanheng. Det gjeld òg når ein berre vil sjå på «uskuldige» forhold som verbbøying eller teiknsetjing. Sjølv om Internett strengt forstått berre er ein teknologi, skapar denne tekniske ramma eit sosialt rom som for mange blir ei slags forlenging av dei sjølve. Der går dei inn i sosial samhandling og gjer ting med språk akkurat som i den verkelege verda – og ikkje alltid med omsyn til at dei kan observerast av mange andre. Det at nettekstane ligg med open tilgang, er altså ikkje det same som at dei kan reknast som offentlege ytringar som ein forskar utan vidare kan forsyne seg av. Personane bak språkbruken har krav

på å få skjerma privatlivet sitt, og i mange tilfelle har dei rett til å vere anonyme. Det å gjere ein vitskapleg studie av slike handlingar inneber ei plikt til å vise aktsemd for alle involverte.

Språkforskarar som studerer faktisk språkbruk, dvs. autentiske samtalar i kontekst, har lenge vore opptekne av dei etiske sidene ved å observere og dokumentere mellommenneskelege aktivitetar, og slik sett er ikkje etisk refleksjon noko nytt. Men det at samhandlinga no går føre seg på nett, fører med seg nokre utfordringar som ein ikkje har støytt på før. Dei kommunikative fellesskapane som skal studerast, er ikkje innramma av fysiske stader i streng forstand. Dei skjer på virtuelle arenaer med heilt andre vilkår for nærvær og deltaking, noko som stiller nye krav til forskaren når det gjeld refleksjon over korleis ein skal sikre at forskingsprosessen ikkje har negativ innverknad på vørdnaden eller integriteten til deltakarane.

Den tekstmengda som kan kallast digital, kan delast inn på mange vis, men eit mogleg hovudskilje er mellom redigert og uredigert tekst. Det første dreiar seg t.d. om artiklar i nettaviser, nettstadene til offentlege institusjonar eller private bedrifter osv. Desse tekstane har som fellesnemnar at dei har ein tydeleg offentleg natur. Slike tekstar kan absolutt vere interessante forskingsobjekt, men dei fleste sosiolingvistiske studiane av digital språkbruk har likevel sett mest på ulike former for uredigert tekst, dvs. ytringar frå privatpersonar som ikkje skjer innanfor ei like tydeleg institusjonell ramme, eller som ikkje er underlagde ein redaksjon. Det kan involvere alle slags sosiale medium, bloggar og uredigerte debattforum. Det er nettopp slike innblikk i *kvardagsliteracyen*, altså enkeltindividet sin daglege skriftbruk på det private planet, som så langt har vore mest interessant for nettspråkforskarar. Men sjølv om dette er tekstar som er produserte av privatpersonar og retta mot ei avgrensa mottakargruppe, er dei i mange høve offentleg tilgjengelege, altså leselege for alle eller iallfall fleire enn det som avsendaren ser på som publikummet sitt. Dette viser at grenseoppgangen mellom det private og det offentlege på digitale arenaer er ei komplisert sak, og når ein skal legge nettspråk under lupa, blir ein nøydd til å ta stilling til dette.

Ettersom teknologien er nokså ny, har heller ikkje forskingsfeltet så mange år bak seg, og derfor er det mange forskingsetiske spørsmål som enno ikkje har fått eintydige svar. Viktige forsøk på å rydde opp i landskapet har komme frå *Den nasjonale forskingsetiske komiteen for samfunnsvitskap og humaniora* (NESH), som i fleire omgangar har sett opp retningslinjer for korleis forskarar bør opptre i innsamling og handsaming av data frå Internett. I den forskingsetiske rettleiaren frå NESH er nettopp den uklare grensa mellom det offentlege og det private det første punktet som blir nemnt (NESH, 2018, s. 9–10). Her blir det framheva at innhentinga av tekst frå opne forum alltid må vegast mot omsynet til privatlivet til enkeltindividet. Forskaren blir pålagd å ta stilling til kva den aktuelle opphavspersonen kan ha

rekna som privat, sjølv om ytringa teknisk sett er offentleg tilgjengeleg. Ein kan ikkje utan vidare anta at alle internettbrukarar har eit medvite forhold til om at det dei skriv, vil bli lesbart for alle, og da er det forskaren som har ansvar for å ivareta integriteten til personane han eller ho studerer.

Ein del internettforum har ulike gradar av restriksjonar for tilgang; ein må til dømes melde seg inn og få eit passord eller liknande. Tekstar som blir formidla her, kan ikkje utan vidare brukast til forskingsformål utan at det blir innhenta samtykke frå deltakarane. Jamt over kan ein seie at jo strengare tilgangsrestriksjonane er, jo større forventningar vil deltakarane ha om at ytringar ikkje slepper ut av forumet. Derfor må òg forskaren ta omsyn til graden av tilgangsregulering i det forumet han eller ho hentar data frå. Dersom forumet har brukarreglar som indikerer at deltakarane bør vente at ytringane der er å rekne som offentlege, det NESH kallar *forventa offentlegheit* (2018, s. 10), har forskaren større fridom til å sanke inn data utan samtykke, men så langt det er råd, bør deltakarane likevel informerast om systematisk innsamling.

Eit anna viktig spørsmål handlar om innhenting av samtykke frå deltakarane. Dette gjeld sjølvsagt for alle slags forskingsprosessar der ein har med levande menneske å gjere, men det er ikkje mindre viktig i den virtuelle verda. Sjølv om alle som er brukarar på eit nettforum som t.d. Facebook, gjev eit generelt samtykke når dei melder seg inn, gjeld ikkje dette for forskingsbruk. Når ein hentar ut materiale frå denne arenaen som forskar, må ein innhente nytt og spesifisert samtykke.

Ei særleg utfordring med mange digitale arenaer er at deltakinga kan vere temmeleg flyktig, og at dei enkelte aktørane derfor kan vere vanskelege å få direkte kontakt med. I mange tilfelle kan òg aktørar gje seg ut for ein annan enn den dei er, og det å få kvalitetssikra at samtykket som blir gjeve, er reelt, vil vere vanskeleg. Vidare kan innhenting av samtykke i seg sjølv tenkjast å påverke den samhandlinga som går føre seg på det aktuelle digitale forumet. Dersom ein ope informerer om at det som blir skrive, blir objekt for ein vitskapleg studie, kan dette legge band på den vidare deltakinga og dermed prege datamaterialet vesentleg. For å minimere faren for at forskaren får ein slik innverknad, kan ein eventuelt be om løyve til å bruke lagra kommunikasjon, altså digitale tekstar som har vorte til tidlegare, og som kan hentast ut frå chatte-program e.l. Ein slik bruk må sjølvsagt òg avklarast med alle involverte i samtalane.

Eit særleg omsyn gjeld barn og unge som ytrar seg på nett (NESH, 2018, s. 12). Dei er verdifulle informantar på mange vis, men dei har òg særlege krav på skjerming fordi dei ikkje kan ventast å ha same vurderingsevne som vaksne. Det same gjeld andre svaktstilte individ, t.d.

ulike pasientgrupper, som kan vere særleg sårbare for ein forskingssituasjon. I mange høve vil det derfor vere aktuelt å innhente samtykke frå føresette (foreldre, formyndar eller verje) før dei kan bli involverte i forsking. Nettforskaren bør òg vere medviten om at delar av den digitale skrivinga til ungar beint fram er meint å ligge *utanfor* vaksenkontroll, og det at «vaksenverda» grip inn på ein slik skrivearena for å forske, kan vere problematisk av fleire grunnar. Sjølv om ein får samtykke av føresette, bør ein altså nøye vurdere konsekvensane av å trengje inn på unganes tekstdomene som forskar.

Generelt skal alle som bidreg med tekstar og andre datatypar, vere trygge på at dei ikkje mot sin vilje skal kunne identifiserast i det som kjem ut av forskingsarbeidet (NESH, 2018, s. 15–16). All informasjon om personlege og sensitive forhold skal handsamast konfidensielt, og attgjeving av forskingsdata skal skje på ein slik måte at lesarane ikkje er i stand til å identifisere den enkelte deltakaren. Derfor må så mange personspesifikke opplysningar som mogleg haldast attende, og ulike kallenamn («nicknames») som ofte blir brukte på digitale arenaer, må òg gjerast så anonyme som råd. Her er det viktig å hugse at ein tekststreng i seg sjølv kan vere identifiserande òg etter at han har vorte anonymisert, fordi han kan søkast opp i digitale søkeverktøy. Dermed vil altså teknologiske føresetnader styre kva data som bør attgjevast når forskingsfunna blir formidla.

Mykje forsking på nettspråk kan skje utan direkte interaksjon med dei som ytrar seg, slik at forskaren i hovudsak blir ein observatør med klar avstand til skriveaktivitetane. Dette tyder ikkje utan vidare at ein kan halde seg skjult eller taus, jf. det vi har vore inne på om informering og samtykkeinnhenting ovanfor. Men det kan vere gode grunnar til å avstå frå å delta i interaksjonen, sjølv om dei som ytrar seg, veit at dei blir observerte av ein forskar (jf. D'Arcy & Young, 2012, s. 537).

Dersom ein vel ei meir etnografisk inspirert tilnærming, kjem ein sjeldan utanom ein viss grad av involvering og deltaking i den digitale samhandlinga, og dét bringar inn fleire etiske utfordringar. Når ein som forskar sjølv aktivt bidreg i meinings- og informasjonsutvekslinga, må ein òg tidleg klargjere for andre aktørar kva det inneber for dei å delta. Å halde forskingsformålet skjult vil altså vere etisk problematisk i dei aller fleste samanhengar.

For å få tilgang til språkbrukssituasjonar på eit forum som t.d. Facebook vil ein måtte bli del av eit nettverk som samtykker til å inngå i forsking. Som D'Arcy og Young (2012) argumenterer for, gjer ein dette mest forsvarleg gjennom å rekruttere informantar som identifiserbar forskar (med bilde, fullt namn og institusjonstilhøyrsle) i ei virtuell gruppe eller nettverk som ein sjølv etablerer. Dermed har ein frå første stund betre kontroll på at premissane

for deltaking er klare. Om forskaren derimot kjem inn i ei gruppe eller eit nettverk som allereie er etablert, og attpåtil nyttar ein meir anonymisert brukarprofil, vil det vere vanskelegare å sikre at deltakarane blir informert tilstrekkeleg om kva dei er med på. Da vil ein lettare kunne bli oppfatta som ein som «lyttar ved dørene», og dét er sjeldan eit akseptabelt grunnlag for å samle inn data. Når forskaren sjølv står for tilskipinga av gruppa, vil det òg vere lettare å styre tilgangen til forskingsarenaen. Facebook-grupper kan t.d. ha innstillinga «open», «lukka» eller «hemmeleg», og om ein av dei to siste blir nytta, vil ein ha god kontroll på at personvernet til deltakarane er sikra. D'Arcy og Young (2012) tilrår at ein startar med open tilgang til ein har fått dei informantane ein ønsker, og så endrar ein til «hemmeleg» etter det.

Vidare vil det i det fleste tilfelle vere naudsynt å bli knytt til kvar av informantane gjennom venefunksjonen i Facebook. Det er mogleg å ha profilen sin i full offentleg modus, men dei fleste legg til ei avgrensing som gjer at ein må få godkjent ein veneførespurnad for å ha tilgang til den individuelle «veggen» og den språkbruken som ein kan kalle mest autentisk. Interaksjonen i sjølve rekrutteringsgruppa kan òg gje interessante data, men når kvardagsliteracy er hovudfokuset, vil ein helst ha data frå «naturlege» kommunikasjonskontekstar. Eit viktig poeng er at ein slik tilgang gjev innsyn i ytringar frå mange andre enn informanten sjølv, såkalla *tredjepartsdata*, og det fører med seg nye etiske utfordringar. Det kan tenkjast at interaksjonen på «veggen» til informanten har responsar frå ei lang rekke vener (og veners vener), og dersom dei skal inngå i datamaterialet, må tredjepartane òg gje sitt samtykke.

Dersom ein studie berre tek for seg strukturplanet, altså dei formale sidene ved språkbruken, kan ein avgrense seg til å sanke inn ytringar frå hovudinformanten og sjå bort frå alle andre responsar. Da vil ein få eit høveleg datamateriale utan å måtte ta stilling til tredjepartar. I ein studie som i større grad handlar om trekk ved interaksjonen (samhandlinga over tid, oppbygginga av samtalen, sjølvframstilling osv.), kjem ein derimot ikkje utanom å ta med data frå andre deltakarar. Da må ein kontakte dei det gjeld, informere om formålet med datainnsamlinga og be om samtykke til at dataa blir med i analysar. Dette kan stort sett gjerast gjennom den digitale plattforma ved at ein sender ei individuell melding som kort presenterer forskaren og forskingsprosjektet. Meldinga må seie presist kva dataa skal brukast til, korleis dei blir lagra og framstilte i formidling av forskinga, og korleis ein skal syte for anonymisering. Og så skal informanten få høve til å gje samtykket sitt, t.d. med ei formulering som denne: «Dersom du samtykker til å dele dei Facebook-postane som er lista opp ovanfor, svarar du på denne meldinga med 'Eg samtykker'.»

Når ein har gjort det tenlege uttrekket frå den digitale skrivinga, må tekstelementa overførast til eit verktøy som både sikrar trygg lagring og gjer det lett å handsame materialet vidare. For eit masterprosjekt som baserer seg på eit nokså snevert språkomgrep, altså som berre fokuserer på verbalspråk eller liknande teiknsett, kan det vere nok å lime inn utdraga eller skjermbilda i eit tekstdokument (Word e.l.), som så blir grunnlaget for vidare analysar. Har ein eit meir vidfemnande prosjekt, som involverer fleire modalitetar eller komplekse nettsamtalar, må ein finne meir spesialiserte reiskapar (jf. ovanfor).

Fokuset for forskingsprosjektet styrer òg korleis ein skal handtere personopplysningar. Dersom strukturnivået, altså den konkrete teiknbruken, er hovudsaka, kan alle personidentifiserande opplysningar utelatast allereie når ein overfører data til arbeidsdokumentet. Dersom ein i større grad har eit brukarfokus, som potensielt kan krevje oppbevaring av sensitive opplysningar om personane bak dei ulike tekstane, må ein finne ein måte å skilje personeintydige kjenneteikn (som t.d. namn) frå dei språklege dataa på før den vidare analysen. Hjelp til utvikling av tilfredsstillande lagring og koplingsnøkkel kan ein mellom anna få på nettsidene til Norsk senter for forskingsdata (NSD) eller ved å kontakte det lokale personvernombodet på den høgare utdanningsinstitusjonen ein tilhøyrer.

## 8.5 Avslutning

Digitale skrivearenaer byr på ei mengd interessante forskingsoppgåver for språkvitarar av alle slag, og særleg er dei sosiale nettplattformene ei fantastisk kjelde til sosiolingvistiske studiar. Men sjølv om moglegheitene er mange, er det òg eit utal metodeutfordringar som følgjer med når ein skal ta for seg av teksthavet på nett. Som vi no har sett, handlar det mellom anna om å avgrense kva modalitetar ein vil inkludere, korleis ein hentar inn tekstleg materiale på ein etisk forsvarleg måte, og korleis ein eventuelt kombinerer ulike metodar for å fange opp både «online»- og «offline»-åtferd. Men sjølv om det kan vere krevjande å lage eit forskingsdesign som tek vare på alle impliserte i den mangfelte digitale skrivinga, er det gode grunnar til at ein språk- og tekstvitar bør gje seg i kast med det. Her er det mykje som er uutforska, og alt tyder på at denne dimensjonen ved mellommenneskeleg samhandling vil halde fram å vere særs sentral i mange år framover. Dagens elevar veks opp i eit samfunn der tekstleg mediering får stadig større plass (jf. Barton & Lee, 2013, kapittel 3), og samspelet mellom den menneskelege språkevna og dei medierande teknologiane vil vere eit kunnskapsområde som treng mykje merksemd i tida som kjem.

## Forslag til vidare lesing

- Ei generell – og relativt kortfatta – innføring i studiar av språkbruk i den digitale verda finn ein i boka *Language Online. Investigating Digital Texts and Practices* (Barton & Lee, 2013). Her er det rett nok ingen døme frå ein norsk eller nordisk kontekst, men boka gjev gode avklaringar av sentrale omgrep og teoretiske grunnliner for den som vil utforske språk på nettet.
- Boka *Sociale medier og sprog. Analytiske tilgange* (Stæhr & Mortensen, 2018) inneheld ei rekke døme på korleis ein kan nærme seg språk på digitale plattformer. Med utgangspunkt i konkrete kommunikasjonssituasjonar i sosiale medium (i hovudsak frå Danmark) blir analytiske verktøy drøfta, og lesaren blir introdusert til perspektiv frå mellom anna samtaleanalyse, diskursanalyse, språkleg etnografi, sosiolingvistikk og multimodal analyse.
- Svein Lie har i boka *Det digitale språket* (2011) stilt saman funn frå mange av dei studiane som vart gjort på dette feltet i Noreg fram til omkring 2010. Både medieteknologien og forskingsfokuset har endra seg etter dette, men boka gjev likevel eit godt oversyn over dei første tiåra med lingvistisk utforsking av nettkommunikasjon.
- Den som vil sjå meir på dei etiske sidene ved å gjere datainnsamling på Internett, kan lese *Internet Research Ethics* (Fossheim & Ingierd, 2015). Her er ikkje utforsking av språklege forhold eit tema i seg sjølv, men dei ulike kapitla går inn på fleire problemstillingar som er relevante òg når ein sankar inn lingvistiske data. Det gjeld mellom anna anonymisering, samtykkeinnhenting og forsking som involverer mindreårige.
- Thor Magnus Lande skreiv masteroppgåva *«My kjedelige grena i ol ass». Stilistisk variasjon i en gruppechat på Facebook* (Universitetet i Tromsø, 2017), som er eit døme på korleis ein kan analysere data frå digital kommunikasjon. Lande kombinerer kvantitative og kvalitative tilnærmingar når han studerer ein gruppesamtale på Facebook. Han ser både på formsider ved kommunikasjonen (stilistiske trekk) og på korleis normer for språkleg åtferd utfaldar seg.
- I masteroppgåva til Kari Brøske, *Tekstskapingsprosesser i sosiale medier – En sosiolingvistisk studie av Instagram* (NTNU, 2017), blir òg andre modalitetar enn verbalspråket trekt inn. Brøske studerer korleis unge Instagram-brukarar går fram når dei komponerer tekstar av verbalspråk, bilde, ikon og andre ressursar. I analysane sine

ser ho dei ulike semiotiske vala i lys av mellom anna teoriar om sjølvframstilling og mottakarbevisstheit.

## Litteratur

Andersen, T. H. & Boeriis, M. (Red.) (2012). *Nordisk socialsemiotik Pædagogiske, multimodale og sprogvidenskabelige landvindinger.* Odense: Syddansk Universitetsforlag.

Androutsopoulos, J. (2008). Potentials and limitations of discourse-centered online ethnography. *Language@internet, 5*. Henta frå http://www.languageatinternet.org/articles/2008/1610

Androutsopoulos, J. (2017). Online Data Collection. I C. Mallinson, B. Childs & G. van Herk (Red.), *Data Collection in Sociolinguistics. Methods and Applications* (s. 492–520). New York: Routledge.

Androutsopoulos, J. & Beisswenger, M. (Red.). (2008). Special issue on data and methods in computer-mediated discourse analysis. *Language@internet, 5.* Henta frå http://www.languageatinternet.org/articles/2008/1609

Baron, N. S. (2008). *Always On. Language in an Online and Mobile World.* Oxford: Oxford University Press.

Barton, D. (2007). *Literacy: An introduction to the ecology of written language* (2. utg.). Cambridge, Mass.: Wiley-Blackwell.

Barton, D. & Lee, C. (2013). *Language Online. Investigating Digital Texts and Practices*. New York: Routledge.

Bolander, B. & Locher, M.A. (2014). Doing sociolinguistic research on computer-mediated data: A review of four methodological issues. *Discourse, Context & Media, 3*, 14–26.

Brandt, D. (2015). *The Rise of Writing: Redefining Mass Literacy in America*. Cambridge: Cambridge University Press.

Brøske, K. (2017). *Tekstskapingsprosesser i sosiale medier – En sosiolingvistisk studie av Instagram* (Masteroppgåve.) NTNU, Trondheim.

Chambers, J. K. & Schilling, N. (Red.). (2013). *The Handbook of Language Variation and Change* (2. utg.). Oxford: John Wiley & Sons.

D'Arcy, A. & Young, T.M. (2012). Ethics and social media: Implications for sociolinguistics in the networked public. *Journal of Sociolinguistics, 16* (4), 532–546.

Dewilde, J. & Igland, M.-A. (2015). «No problem, janem»: en transspråklig tilnærming til flerspråklige elevers skriving. I A. Golden & E. Selj (Red.), *Skriving på norsk som andrespråk. Vurdering, opplæring og elevenes stemmer* (s. 109–126). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Fossheim, H. & Ingierd, H. (Red.). (2015). *Internet Research Ethics.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Gregersen, F. (2018). Verden har forandret sig – De sociale medier og sproget. I A. C. Stæhr & K. M. Mortensen (Red.), *Sociale medier og sprog. Analytiske tilgange* (s. 279–291). København: Samfundslitteratur.

Hernes, R. (2012). Bokmål eller nynorsk – er det spørsmålet? *Maal og Minne*, *104*(2), 56–90.

Hersdal, H. (2018). «Er dritkul kun med et t? mit liv er en løgn». En sosiolingvistisk studie av metadiskurser om språk i en SKAM-nettgruppe. (Masteroppgåve). NTNU, Trondheim.

Hougaard, T. T. (2015). Sproget til billederne i de sociale medier. I M. Rathje (Red.), *Nye medier. Sprogbrug, data og metode* (s. 67–91). København: Dansk Sprognævn.

Kozinets, R. V. (2010). *Netnography: Doing Ethnographic Research Online*. Thousand Oaks, California: SAGE.

Kress, G. & van Leeuwen, T. (2006). *Reading Images. The Grammar of Visual Design* (2. utg.). London: Routledge.

Kulavuz-Onal, D. & Vasquez, C. (2013). Reconceptualizing fieldwork in a netnography of an online community of English language teachers. *Ethnography and Education*, *8*(2), 224–238.

Lande, T. M. (2017). *«My kjedelige grena i ol ass». Stilistisk variasjon i en gruppechat på Facebook.* (Masteroppgåve.) Universitetet i Tromsø, Tromsø.

Ledin, P. & Machin, D. (2018). *Doing Visual Analysis*: *From Theory to Practice.* London: Sage.

Lie, S. (2011). *Det digitale språket.* Oslo: Ling Forlag.

Mortensen, K.M. (2018). Multimodalitet – Venskaber på tværs af billeder og tekst. I A. C. Stæhr & K. M. Mortensen (Red.), *Sociale medier og sprog. Analytiske tilgange* (s. 183–215). København: Samfundslitteratur.

Mortensen, K. M. & Stæhr, A. C. (2018). Introduktion – Sprog og sociale medier. I A. C. Stæhr & K. M. Mortensen (Red.), *Sociale medier og sprog. Analytiske tilgange* (s. 9–28). København: Samfundslitteratur.

Den nasjonale forskingsetiske komiteen for samfunnsvitskap og humaniora [NESH]. (2018). *Forskningsetisk veileder for internettforskning.* Oslo: De nasjonale forskningsetiske

komiteene. Henta frå https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/veileder-for-internettforskning/

Postill, J. & Pink, S. (2012). Social media ethnography: the digital researcher in a messy web. *Media International Australia, 145*(1), 123–134.

Rotevatn, A. G. (2014). Språk i spagaten. Facebook-språket. Om normert språk og dialekt blant vestlandselevar. (Masteroppgåve). Høgskulen i Volda, Volda.

Stæhr, A. C. & Mortensen, K. M. (Red.). (2018). *Sociale medier og sprog. Analytiske tilgange.* København: Samfundslitteratur.

Westergaard, A. (2015). Facebook og dannelsen af praksisfælleskaber. I M. Rathje (Red.), *Nye medier. Sprogbrug, data og metode* (s. 93–113). København: Dansk Sprognævn.